

Trollhola



FAKTA

Trimpoeng:	3
Høgde over havet:	7 m
Lengd merka løype:	1,3 km
Stigning merka løype:	0 m
Underlag/terreng:	Grusveg, myr, torv
Signeringar i 2013:	92

OM STADEN

Vestpynten av Voksa, trimposten Trollhola på øya som knyt Sandsøya til resten av verda, er ein stad som mange kanskje ikkje har besøkt – også fastbuande. Kva namnet kjem av, er oss ikkje kjent, men i alle fall er det som ei hole nedanfor haugen på spydspissen mot vest. Midt mellom Kvamsøya og Sandsøya har ein syn rett ut til storhavet med øya Riste som siste vern.

TURALTERNATIV

Den **merka** løypa går langs fjøra på nordsida av Voksa. Frå der hovudvegen frå Sandsøya kjem i land, eller hovudvegen frå ferjekaien går av land mot Sandsøya, følgjer ein grusvegen rett vest. Deretter langs fjøresteinane i ganske ulendt terreng. Siste del går svakt innover på tvers av halvøya som trimposten ligg på enden av.

Det er også **mogleg** å gå frå enden av hovudvegen på sydvestsida av øya. Her er det ikkje merka, men boka er ikkje vanskeleg å finne dersom ein berre følgjer fjøra på sørsida. Terrenget er om lag det same som på nordsida, og distansen noko mindre, men det er gjerde og nokre vanskelege parti å forsere.

BILETE

